

**Til: Hol kommune**

**Dato: 03.06.2025**

**Emne: Klage på renovasjonsgebyr – manglande samsvar mellom gebyr og faktisk tenestetilbod**

Vi viser til *Regulativ for avfallsgebyr i Hol kommune, gjeldande frå 01.01.2025*, vedteke i kommunestyret 12.12.2024 (sak 165/24), og ønskjer med dette å sende inn ei formell klage på vegner av 20 husstandar i vårt sameige (Boligsameiet Indianerhaugen på Geilo).

Kvar husstand i sameiget vert i dag fakturert for "**Renovasjon dunk 140 liter**", med ein årleg kostnad på kr 6 136,- inkl. mva. I følgje regulativet skal denne gebyrtypen dekkje individuell henteordning frå eigedomen, med utleverte dunkar per bueining og inntil 5 meters henteavstand frå offentleg veg.

**Det faktiske tilbodet me får samsvarer ikkje med dette:**

- Sameiget har **ikkje** fått utlevert 140-liters dunkar per bueining.
- Me leverer restavfall til eit **felles leveringspunkt** med berre **2 stk. 1000-liters dunkar** for 20 bueiningar – noko som er openbert for låg kapasitet i forhold til det me betaler for (ca 29%).
- Renovasjonsbilen **hentar ikkje** avfall ved den enkelte bueining, men berre ved felles punkt, eit godt stykke unna. Me betaler difor for henteordning, men praktiserer i røynda ei bringeordning.

Dette medfører at me betaler full pris for ei teneste me ikkje får, i strid med kravet om rimeleg samsvar mellom gebyr og faktisk tenestetilbod.

---

**Rettsleg grunnlag**

Klagen byggjer på **forureiningslova § 34**, som seier at:

*"Kommunen kan fastsetje gebyr for avfallsordninga, men gebyret skal ikkje overstige kommunens nødvendige kostnader ved å handtere avfallet."*

I tillegg følgjer det av **forvaltningslova §§ 11 og 17** at vedtak om gebyr må vere saklege, forholdsmessige og byggje på korrekt faktisk grunnlag.

Når me betaler for henteordning men i praksis har bringeordning, oppstår det eit tydeleg misforhold som resulterer i eit urimeleg høgt gebyr samanlikna med tenesta me faktisk får.

---

## Vårt krav

Me ber om at kommunen:

1. **Endrar gebyrgrunnlaget** for vårt sameige frå henteordning til bringeordning, og justerer satsen tilsvarende (jf. punkt B i regulativet – kr 4 725,- inkl. mva per husstand for fastbuande).
2. **Refunderer mellomlegget** for allereie innbetalt gebyr, eller gjev frådrag i komande faktureringar.
3. Sikrar at bustadselskap med felles leveringspunkt får korrekt gebyrtype, i tråd med regelverk og god forvaltningsskikk.

---

Me ser fram til eit skriftleg svar innan rimeleg tid, i samsvar med forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar.

Med venleg helsing,  
Petter M. Berge  
[pettermb@online.no](mailto:pettermb@online.no)  
Styremedlem

På vegner av:  
Boligsameiet Indianerhaugen  
c/o Liv Østtveit Gjeglumranden 10A,  
3580 Geilo

Vedlegg: Svar frå Hallingdal Renovasjon vedkomande storleik på renovasjonsdunkar.